



**Luftfartstilsynet**  
CIVIL AVIATION AUTHORITY - NORWAY

Digitally signed by  
Luftfartstilsynet

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO  
Norge

**Sakshandsamar:** Asgeir Fløgum Vågan  
**Telefon direkte:** +47 93861691  
**Vår dato:** 01.11.2019  
**Vår referanse:** 19/13991-2

**Deres dato:** 02.07.2019  
**Deres referanse:** 19/1187

## Høyring. Forslag til forskrift om fornybar energiproduksjon til havs

Vi viser til ovenfornevnte høyring og takkar for å bli inkludert i høyringa.

Når det gjeld tryggleiken ved fornybar energiproduksjon til havs, kjem det fram i punkt 9.2 i høyringsnotatet at Olje- og energidepartementet (OED) finn det naturleg at Petroleumstilsynet får det generelle ansvaret for å drive tilsyn og utvikle detaljert tryggleiksregelverk for fornybar energiproduksjon til havs. På grunnlag av dette tek difor OED sikte på å overføre myndet for tryggleik mv. som fylgjer av kap 5 i havenergilova, til Arbeids- og sosialdepartementet.

Det vert i høyringsnotatet også vist til forskrift 15. september 2016 nr. 1066 om merking av og etablering av sikkerhetssoner tilknyttet innretning for fornybar energiproduksjon. § 2 i forskrifta gjev eier av innretning for fornybar energiproduksjon eit ansvar for at denne vert merka slik at den til enhver tid er godt synlig for sjøfarande. Merkinga skal gjerast i samsvar med krava i vedlegg 1 til forskrifta.

Luftfartstilsynet vil gjere merksam på punkt 4.2.2 i vedlegg 1 om at merking av vindparker / vindenergiinnretningar må koordinerast med Luftfartstilsynets krav til merking i samsvar med forskrift 15. juli 2014 nr. 980 om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder. Føresegna er gjeve av omsyn til sikkerheita for helikoptre i oljeindustrien, helikoptre i søk- og redningstenesta (SAR) og andre luftfarttyg som opererar til og frå den norske delen av kontinentalsokkelen. Luftfartstilsynet vil difor framheve viktigheita av at vindparker, vindinnretningar og andre merkepliktige innretningar for fornybar energiproduksjon vert merka i samsvar med krava.

Med vennlig hilsen

Nina B. Vindvik  
juridisk direktør  
Direktoratsavdelingen

Asgeir F Vågan  
juridisk seniorrådgiver

**Luftfartstilsynet / Civil Aviation Authority**

T: +47 75 58 50 00  
F: +47 75 58 50 05  
E: postmottak@caa.no

Postadresse:  
Postboks 243  
8001 BODØ

Besøksadresse:  
Sjøgata 45-47  
8006 BODØ

Fakturaadresse:  
fakturamottak@caa.no

Fakturamottak DFØ  
Postboks 4746  
7468 TRONDHEIM